



Møre og Romsdal
fylkeskommune

JOBing
Kråkvika 33
6390 VESTNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	20.11.2017	144856/2017/REGULERINGSPLAN/1535	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	09.01.2017

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsendring for Sessetra - fråsegn ved melding om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Vi rår til at planområdet utvidast til og å omfatte areal sør for planområdet, «Hytteområde 1» i gjeldande reguleringsplan. Dette har ikkje vore utnytta til fritidsbustader sidan reguleringa i 1997. Kommunen bør vurdere om dette området bør regulerast «tilbake» til LNF-formål. Det er ein annan grunneigar her enn på eigedomen det blir varsla oppstart for, men kommunen må uavhengig av eigarforhold vurdere kva omfang og utforming av framtidige fritidsbustader ein samla sett vil legge til rette for i kommunen.

Vi saknar tilvising til oppstartsmøte og referat frå møtet, jamfør PBL § 12-8, første ledd.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer området til å ha eit lågt til middels potensial for automatisk freda kulturminner. Det er nokre strukturar i området som kan vere gamle tufter eller spor etter andre aktivitetar knytt til seterbruket, men desse er sannsynlegvis yngre. Det blei heller ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminner i nærleiken i samband med planlegginga av Sesselva kraftverk.

Vi vil difor ikkje stille krav om arkeologisk registrering, men gjer oppmerksom på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd. Tiltakshaver pliktar å underrette den som skal utføre arbeide om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det blir overhaldt.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 28 03 29

Kopi:
Vestnes kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens vegvesen, Region midt